

Trond Bertelsen  
Reshamrane 13  
5943 Austrheim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/887 - 23/8347

Saksbehandlar:  
Christopher Marius Straumøy  
christopher.marius.straumoy@austrheim.kom  
mune.no

Dato:  
19.09.2023

## Løyve til riving og oppføring av identisk naust - gbnr. **156/144 - Reshamrane - riving og oppføring av naust**

### Administrativt vedtak. Saknr:

Vi syner til søknad motteke og supplert fleire gonger, seinast den 21.09.2023.

### Vedtak

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt riving av gammalt naust samt oppføring av nytt identisk naust, og rehabilitering av bryggefront i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, naturmangfaldslova §§ 8-12:**

1. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med eksisterande naust si fasade og reguleringsplanens føresegns.
2. Det kan ikkje oppførast altan/balkong på naustets andre etasje.
3. Det gjevast berre løyve til utbetring av brygge på sør- og østsida av naustet.
4. Det vert forutsett at avkjøyring under arbeidet skjer i tråd med gjeldande lovlege avkjøyrils. Det kan ikkje nyttast provisorisk avkjøyrlse frå eigen eigedom grunna trafikktryggleik.

### Saksutgreiing:

### Tiltak



Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM  
austrheim.kommune.no



56 16 20 00  
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823  
Bankkonto: 1594.11.80407

Søknaden gjeld riving av naust og oppføring av naust med bruksareal (NS 3940) opplyst til å vere på ca. 80 m<sup>2</sup> og 87 m<sup>2</sup>.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for «Heiane bustadfelt og Finnsvågen båthamn» plan-id: 2018001 er definert som Uthus/naust/badehus. Utrekna grad av utnytting er oppgjeve til ca 10 %.

Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen når søkaden vart revidert. Delen av søkaden som omhandla avkjørsel, flytebrygge og kaifront mot nord og nordvest er trukket frå søker ettersom dette er tiltak som er i strid med reguleringsplanens føremål på staden. Desse tiltaka må det eventuelt søkast dispensasjon for som er understreka i rettleiing gitt til søker.

### Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Statsforvalteren i Vestland.

### Fråsegn frå andre mynde

Saka har ikkje vore på høyring hjå anna mynde.


### Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn med målsetting. Situasjonsplanen viser terrengendringar som følgje av det nye tiltaket.

Det er søkt om topp grunnmur på kote + 1,4 m og mønehøgde på kote + 8,9 m på naust.

## Teikningar

Det ligg føre nokre målsette planteikningar, målsett snitteikning samt fasadeteikningar. Det vert godkjent siste innsendte teiningar som har identisk fasade som eksisterande naust med **unntak** av følgande delar: Innteikna altan, og vindusdører ved innteikna altan og større vindu på østsida over døren som det ikkje gjevest løyve til:






#### Eksisterande fasade:

Vindauge i 2 etg som skal settast inn på austsida skal vere av **same** storleik som på eksisterande austside. Det godkjennast ikkje innseindt teikning av vindau her.

Innseindt teikning av vindauge i staden for terrassedør gjevast **ikkje** godkjenning til. Det kan berre setjast inn vindau på storkleik med det som visast på biletet på sørsiden.

#### Omsøkt Brygge:



Berre denne delen av omsøkt brygge vert godkjent. Tiltakshavar må sende inn mål på sjølve storleiken her. Det gjeld bredde, lengde, høgde, areal, og eventuelle strukturelle anordninger som støtter brygga.

### Tilknyting

Tiltaket skal ikkje knytast til offentleg vatn eller offentleg kloakk. Tiltaket er eit naust.

### Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehår gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering. Naustet er identist med tidlegare fasade med unntak av to vindu som kan roteres 90 grader på austsida.

### Konklusjon:

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt riving og oppføring av naust og rehabilitering av bryggefront mot sørsida og austsida.**

Det vert forutsett at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene føre planane.

### ***Klage:***

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæsst.*

Med helsing

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Vedlegg:**

**Kopi til:**

Alf Kvant

**Mottakere:**

Trond Bertelsen

Reshamrane 13      5943

Austrheim